



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
27.10.2017  
Dykkar dato  
02.10.2017

Vår referanse  
2017/12741 421.3  
Dykkar referanse  
17/1404

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Uttale til dispensasjon til veg - Radøy – gnr. 65 bnr. 2, 5, 6 - Frotaule**

Vi viser til brev fra kommunen datert 02.10.2017 med høyringsfrist 30.10.2017.

Saka gjeld søknad om dispensasjon til opprusting av gamal sti/kjerreveg til køyreveg for bil/traktor.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommune skriv at det er naudsynt med dispensasjon fra arealformålet LNF (landbruk, natur og friluftsområde. Etter det vi kan sjå ligg det omsøkte tiltaket i LNF-område, naustområde med reguleringsplikt og innanfor byggegrense mot sjø. Det er difor også naudsynt med dispensasjon fra reguleringsplikt og plan og bygningslova (tbl.) § 1-8.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. tbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommune- og reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (2007-08) s. 242.

I denne saka ønsker søker ein køyreveg ned til naustet sitt mellom anna for å kunne vedlikehalde det. Det har tidlegare gått ei kjerreveg/sti her, men den er no heilt overgrodd. Det er Fylkesmannen si vurdering at ein ikkje kan leggje vesentleg vekt på at det kar gått ei kjerreveg/sti her tidlegare. Vegen er ikkje merka av på kart og er etter det vi forstår knapt synleg i terrenget. Ein køyreveg med dagens standard vil, etter vårt syn, vere ei vesentleg endring av området både i forhold til dagens situasjon og i forhold til den stien/kjerrevegen som har vært her tidlegare. Det er etter vårt syn svært uheldig at det vert anlagt veg over eit større samanhengande LNF- området i strandsona.

Området heilt nede ved sjøen er sett av til naustområdet i arealdelen av kommuneplanen. Her er det også krav om reguleringsplan jf. føresegn 2.1 i arealdelen av kommuneplanen.

Løysningar for veg og parkering til nausta i naustområdet bør gjerast i ei reguleringsplan for

naustområdet. På den måten kan ein få den beste løysninga for heile området. Vi viser til føresegn 2.3 i arealdelen av kommuneplanen kor det står: *For areal sett av til bygg og anlegg etter plan- og bygningslova § 11-7 nr. 1, skal infrastruktur for veg, vatn og avlaup sjåast i samanheng med eksisterande og framtidig utbygging i området, slik at det vert etablert gode, heilskaplege løysingar.*

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til køyreveg/traktorveg. Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak i saka til eventuell klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*